

# Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA  
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - juni 2025 57. årg.



«Eg faldar mine hender små, i takk og bøn til deg»

Side 6-9



Kvardagsmøte

side 4



Fellesskap og påfyll for tru side 6



Kveldsgudstenester

side 12



Sommarklang med Jærklang side 16

## BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77  
 Kontortider: Måndag-fredag: 09:00 -14:00  
 Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne  
 Inngang frå Saronsbrotet  
 heimeside: www.timekyrkjene.no  
 post.time@kirken.no  
 Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340  
 Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222  
 Diakon Time og Undheim:  
 Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919  
 Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039  
 Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77  
 Assisterande kyrkjevevjerje:  
 Siri Vik tlf. 906 43 758  
 Kyrkjevevjerje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

Time  
 Heimeside: www.timekyrkja.no  
 Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874  
 Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102  
 Kyrkjelydspeagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872  
 Kyrkjetenar helg: Johannes Høie Hetland tlf. 400 80 177  
 Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974  
 Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102  
 Klokkar: Maren Dyingeland tlf. 905 65 198  
 Ungdomsarbeidar Lye: Else Iren Skretting tlf. 482 79 806  
 Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus  
 Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne  
 Heimeside: www.brynekyrkja.no  
 Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105  
 Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708  
 Kyrkjelydspeagog: Tone Vold tlf. 918 81 818  
 Dagleg leiar:  
 Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080  
 Vikar ungdomsleiar: Jon Torger H. Salte tlf. 984 16 231  
 Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504  
 Kyrkjetenar helg: Arne Espevik tlf. 909 70 522  
 Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825  
 Kyrkjelydsutviklar:  
 Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

Undheim  
 Heimeside: www.undheimkyrkja.no  
 Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20  
 Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346  
 Sokneprest og prostiprest: Nadine Vaagen tlf. 413 91 649  
 Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560  
 Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157  
 Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik tlf. 994 18 620

Time sokneråd: time.soknerad@kirken.no  
 Bryne sokneråd: bryne.soknerad@kirken.no  
 Undheim sokneråd: undheim.soknerad@kirken.no

## «Laget betyr alt for meg.»

«Kast ditt brød på vannet, for med tiden vil du finne det igjen. Del det du har med sju eller åtte, for du vet ikke hva slags ulykker som kan hende på jorden.»

(Forkynneren 11,1-2)

Det beste sikkerhetsnettet vi mennesker har er våre relasjoner. «Sammen er vi sterke», sies det med rette. Som tidligere major i Forsvaret underviste jeg soldater i etikk. Fra tidlig i rekruttperioden skulle soldatene lære seg å verdsette laget. Den minste enheten i Forsvaret er ikke enkeltindividet. Det er makkerparet. Med utgangspunkt i et tospann kan så et lag og en tropp bygges opp.

Derfor var det rørende for meg å se serien «Team Pølsa» på NRK. Her ble mennesker med langt større hverdagsutfordringer enn folk flest satt sammen i lag. De skulle trene fram mot VM på ski i Trondheim. Synshemmede Pia med cerebral parese fortalte hvor viktig dette var for henne: «Jeg har aldri vært på et lag før. Laget betyr alt for meg.»

I Forkynnerens bok oppfordres vi til å benytte oss av fellesskapet. Den som ikke våger, men holder alt for seg selv, er mer sårbar for ulykker som hender på jorden. En passiv såkornsbonde som i frykt for vær og vind aldri sår sitt såkorn, blir stående tomhendt tilbake.

Styrken vi finner i et delende felleskap er ikke noe nytt fenomen. Felleskapet har sitt utspring fra evigheten av. Den treenige Gud er i sitt vesen et personlig felleskap: Fader, Sønn og Hellig ånd. Og takk Gud for det! Når Gud er personlig, kan vi mennesker være det samme. Som skapninger i Guds bilde kan vi møte personen Jesus Kristus gjennom evangeliene. Han er Guds sønn og Guds ansikt. Når vi har Han med på laget, er vi på seierslaget uansett hva slags ulykker som kan hende på jorden.



Yngvar Nilsen  
Sokneprest Time



Framsidedfoto: Gudsteneste i Brynekyrkja. Foto: Reidun Jane Heskestad

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.  
 Redaksjon: Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.  
 Trykk: Kai Hansen AS. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen.time@kirken.no.  
 Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 25. august



Oddveig Lima

TEKST: ODDVEIG LIMA

Denne salmen lærte eg den fyrste gongen eg var på leir. Lærte han utanboks og ennå blir eg rørt når eg les eller syng han. Tenk, alt er ferdig, eg skal inkje gjera. Det siste året har hatt mange utfordringar, men at eg får tru og kjenna at Gud veit kva eg treng til, er til stor trøyst.

## Kor stort min Gud at eg ditt barn får vera

T Jesper Krogedal 1942. M Oskar Stakkeland

1. Kor stort, min Gud, at eg ditt barn får vera, og leva i di frie nådepakt!  
Det alt er ferdig, eg skal inkje gjera, men bare kvila i det du har sagt.
2. Eg bed deg: Lei du meg igjennom verda, eg er så veik og er i framandt land!  
Det mange var som gjekk seg vill på ferda og sleppte taket i di frelsar hand.
3. Men visst eg veit: Du maktar fast meg halda, det har du lova i ditt eige ord.  
Du visste alt om meg før du meg kalla, og gav meg plass ved nådens rike bord.
4. Lat meg få sjå på deg når synda dårar, lat meg som barn ditt faderauga sjå!  
Då veit eg visst at gjennom tvil og fårar eg ved din nåde skal til himlen nå.

# Kvardags- møte med Alma Eikeland

19 år

Oppvaksen på Eikeland

Russ på Framnes  
vidaregåande skule i  
2024

Nå: elev ved Helgeland  
folkehøgskole

TEKST: LIV HELENE HÅLAND.  
FOTO: ASTRIFJERMESTAD EIKELAND

Alma hadde ikkje fylt 16 år då ho reiste heilt til Framnes vidaregåande skule i Hardanger for å gå på vidaregåande der. Helgedagen lurar på kvifor ho gjorde dét valet?

Alma fortel, på telefon frå Helgeland, at ho trong eit skifte. Framnes hadde godt rykte på seg for å ha eit fint kristent miljø. Skulen ligg i særst flott natur ved Hardangerfjorden, og så hadde farmor og dei fleste av søskena hennar gått på folkehøgskule der! Framnes hadde fått mykje god omtale i familien, så det gjorde òg sitt for Alma sitt val.

## Heimlengt?

Første året var alt nytt, og skulen var veldig "på" med sosiale tiltak for at dei nye elevane skulle trivast. Alma budde først saman med ei anna jente på tomannsrom. Men



då den andre jenta reiste heim, fekk Alma rommet åleine, og ho likte godt å få litt tid for seg sjølv. Heimlengten vart verre andre året, også på grunn av private, ytre omstende. Men tredje året, då dei var russ, gjekk alt lettare. Ho fekk oppleva ei veldig fin tid som kristenruss på Framnes. Kullet var

veldig godt samla, inkluderande og opptekne av at ingen skulle kjenna seg utanfor. Då fekk ho òg med seg eit gildt kristenrusstreff i Kristiansand.

## Nytt år med internatliv - på Helgeland folkehøgskole

Dette skuleåret har Alma vore

elev her. Det er Pinsebevegelsen som driv han. Ho ønskte seg vinter-friluftsliv, og det har ho fått i flott Helgelandsnatur! Skulen har omlag 100 elevar, og skuleeigarane meiner at dei er den tydelegast kristne folkehøgskulen. Pinsebevegelsen var litt nytt for Alma. Elevane har vore med

på å laga gudstenester, og ho har vore med i lovsongsteamet. Ho har også vore med på søndagsskulearbeid i Mosjøen, for born frå 1. til 5. klasse nokre søndagar i månaden.

Alma tykkjer det er viktig at turane er inkluderte i skulepengane, slik

*Alma tykkjer det er viktig at turane er inkluderte i skulepengane, slik at alle kan få vera med, uansett familieøkonomi.*

at alle kan få vera med, uansett familieøkonomi. Ho var på misjonstur til Uganda, og sidan linja hennar er Friluft/Nord, fekk ho òg ei veke på Svalbard - i minus 30 grader. Alma har hatt fridykking som valfag, så det vart ei spennande ny læring.

På skulen har dei vore innom mange tema, mellom anna korleis elevane vidare kan finna si kristne forsamling når dei neste år kjem til ulike studiestader. Det vil ho ta med seg når ho neste år blir student i Bergen.

## Alma sine punkt for å velja ein kristen vidaregåande-/ folkehøgskule:

- du får eit kristent fellesskap
- det er trusstyrkande
- barnetru kan gå til vaksentru
- me gjer enormt mykje gildt
- sosialt utviklande
- me blir meir sjølvstendige
- lærerikt, ho har gjort så mange ting ho ikkje trudde ho skulle få til

Og - til slutt - Alma har oppdaga at telefonen er ein viktig kontakt heim. Det kan faktisk stundom vera lettare å få ein god prat med dei heime pr. telefon, gjerne med mor i bilen når ho er på veg heim frå arbeid - og ingen andre forstyrar. Alt i alt: kristne internat-skular kan vera heilt topp!

## Felleskap og påfyll for tru

Då Bryne kyrkjelyd inviterte til weekend ut på vårparten, kunne ein bli i stuss om ein skumles invitasjonen – Skulle Bryne kyrkjelyd langt av stad? Her var nemnt både “Nordlys” og “Same...”.

TEKST OG FOTO:  
REIDUN JANE HESKESTAD

**N**ei, heldigvis ikkje! Same-misjonen sin leirplass Nordlys ligg ein 35- minuttars kjøretur unna - ved Lutsivatnet i Sandnes kommune.

Familien Håland Ødegård: Mari (10 1/2) Isak (5), Live (2), Silje og Lars Tore vil gi oss nokre glimt frå helga.

Mari var klar til å reisa på weekend straks ho høyrde om han.  
– Eg var på Tweensleir der i februar, fortel Mari engasjert.

Mor og far var litt usikre i starten, men etter kvart bestemte dei seg for å reisa.  
– Me gleda oss veldig, seier mor. Dei fekk og etter kvart vita at fleire dei kjenner var påmeldte.

Familien har ikkje vore på weekend saman før, men Sommarleir med KRIK på Sørlandet likar dei godt.

*Kva var det kjekkaste på weekenden?* Mari er veldig klar på at “Boksen av” i skogen og “Historien” når



Mari, Live, Isak, Lars Tore og Silje Ødegård.

den vart lese opp, var høgdepunkt. Sporleiken vart fort eit tema, og entusiasmen lyste av Mari. Her var det jammen mange utfordrande postar laga skulle innom!

I den første sporleiksoppgåva gav Post it-lappar hint om songar. Songversjonen vart spela av via Spotify og var på eit anna språk eller gjort litt ugjenkjenneleg. Her var det verkeleg bruk for både for fantasi og kjennskap til songar for å samla poeng.  
– Me skulle og byggja tårn med marshmallow og spaghetti. Ukokt altså, seier Mari med eit smil.  
– Dei med høgast tårn fekk flest poeng.  
Ein post var “Fortsettelses-historien” der alle gruppene skreiv på same historia utan at dei visste kva dei andre hadde skrive. Dei

fekk berre overlevert siste setninga gruppa før dei hadde skrive.  
– Me skulle no dikta vidare. Det var veldig kjekt. Til slutt vart forteljinga lesen for alle – veldig, veldig morosamt, gjentar Mari fleire gonger.

Isak fortel at på ein post skulle dei henta vatn med svamp, klemma vatnet ut av svampen oppi ei bøtte. Kvart lag på to familiar fekk fem svampar. Oppgåva var: Hent så mykje vatn frå Lutsivatnet de klarar på ei fastsett tid! Vårt lag henta 12 liter.  
– Vatnet var iskaldt, fortel Isak.  
– På neste post heiv eg ei kule – og traff både to og tre samtidig, fortel Isak. Denne aktiviteten var på Stigegolf-posten.

Luftgeværskyting var ein annan

post som vart svært populær både for store og små.  
– Me skaut på metall-ender som datt når ein treffe dei. Vanskeleg å treffa, men kjekt, forklarar Mari. Sporleiken hadde òg Bibelquiz. Her var dei ni ungdommane best, sier Mari. Kanskje var det derfor dei vann heile sporleiken?

Då sporleiken var over, smaka det herleg med pølser frå grillen. Sukkerspinn på laurdag var populært! Helgedagen antyda at det kanskje var laurdagsgodt? Men NEI, her var det kiosk òg.

Då Live som var langt inni traktorleiken på golvet, høyrde ordet “godteri” kom ho raskt inn i samtalen.  
*Kva spiste du?*  
– Krokodiller, svarte ho, men



Her gjeld det å sikta godt! Foto: Jon Torger H. Salte

storesøster Mari avsanna det.  
– Du spiste seigmenn.  
– Seigmenn, ropa Live og heldt opp to fingrar.  
– Du spiste fleire enn det, påstod Mari.

I invitasjonen til weekenden var det lova ei helg med mykje god mat, samlingar, gudsteneste, leik og moro for alle aldersgrupper og mykje tid til å bli kjende med kvarandre.  
Silje er tydeleg på at det var gildt å vera saman. Det var mange fine aktivitetar og god mat.

Isak vil gjerne dra på weekend ein gong til.  
– Jeg også! roper Live  
– Du må skriva at det var kjekt! seier Mari.

Silje nemner at perling vart veldig populært – små glasperler vart til fine armband som pryda mange handledd før helga var omme.

Det var ikkje berre barn og foreldre som var på weekend! Jon Torger reklamerte for weekenden blant dei unge på Ungt Fokus (UF). Nokre hadde alt meldt seg på og fleire vart klare etter kvart – i alt ni ungdommar. Tre av dei unge reiste utan familie.

Ein av dei unge - Lars Andreas Olsen deler her sine opplevingar frå weekenden:  
– Då eg høyrde om weekenden første gong, var eg litt i tvil om eg skulle vera med. Nokre i styret for UF hadde alt meldt seg på, og då gjorde eg det og! Eg kom litt seint, og det var alt tid for kveldsmat. Eg gjekk inn døra og såg alle folka – dei vaksne og ungene. Eg kjende nokre frå før, andre ikkje. Det var fleire enn eg hadde sett for meg, så eg vart litt stressa. Etter maten hadde me den første leiken, og da roa det seg veldig. Etter det føltst det ganske normalt. Det var eige opplegg for ungdommane om kveldane. Då hadde me frå UF-styret underhaldning for barna og dei andre ungdommane. Danseleik, bordtennis, alias, Capture the flag. Spesielt det siste var spanande ute i mørket.

UF hadde med KIOSK frå kyrkja. Han var open på laurdag. Små og store var dermed sikra laurdagsgodt!  
– På laurdagen var det ein orienteringsrunde. Me vart delte inn i lag til sporleiken. Det var ulike postar rundt forbi på leirplassen. Når det gjeld sporleiken, er “Fortsettelses-historien” òg nemnt av ungdommane som morosam.

– Eg hadde det veldig kjekt den helga, og kan godt tenkje meg å vera med fleire gonger, seier Lars Andreas Olsen.

Ein weekend krev god planlegging. Stor takk til komitéen som hadde svært spesialiserte oppgåver.

**Trond Arild Erga** - ansvar for aktivitetar

**Randi Tjelle** - sukkerspinnansvarleg

**Hans Tore Hetland** -

Smoothieansvarleg

**Jon Torger Salte** og **Marit Høie**

**Hetland** - var med frå staben i kyrkja og ansvarlege for mangt.

**Silje Håland Ødegård** og

**Charlotte Tjemsland** – kaker til fellesskapet

**UF-styret** – Kveldsaktivitetar for tweens og ungdom

Mange vaksne og barn var gode hjelparar med utallige oppgåver i løpet av helga

I løpet av helga låg det to store ark framme. Der kunne små og store skriva eller teikna noko dei ville takka og be for.

Me fekk seinare sjå plakatane på gudsteneste i Bryne kyrkja. Dei var heilt fulle av bønn og takk. Deltakarane hadde sanneleg mykje å takka for og mange ting å be om. Fellesskap var styrka og trua hadde fått påfyll.



Takkar og ber!  
Foto: Jon Torger H. Salte



Leik i skogen er alltid kjekt - her på weekend.  
Foto: Jon Torger H. Salte





## Midtsommarvise

Heidi Strand Harboe

*I glødande midtsommarkvøldar  
når båla brenn sakte ned,  
og sola heng tung over havet,  
når lufta er metta med fred,  
skal du plukka deg ville blomar  
og binda dei fint i krans,  
og takka for lyset og sola,  
for kvøldar med sommarglans.  
Du ser det går skip langt der ute,  
og lasta er von og tru,  
du veit det er sommar på Jæren,  
du er her, og her skal du bu,*

*Sjå sola heng låg ut i havet,  
ei kule av gull og eld.  
Du takkar for lyset og livet,  
for angen av gras og kvøld.  
I hutrande midtsommarkvøldar,  
med bål som brenn inn i natt.  
Når sola sig stille i havet,  
så einaste gløden er att,  
du kviskrar ei bøn i mot natta,  
for vår frysande, vesle jord,  
som framleis kan bera på blomar,  
vår trufaste, mørke mor.*

**God sommar. La oss takka for jorda me bur på, og be om at me blir kloke nok til å ta vare på ho på ein god måte.**



## MILJØ, MØTEPLASS OG MISJON



### NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter  
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet  
og Meierigata



### FRETEX butikk Bryne

Parken senter  
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken  
og Meierigata

#### Vi tar imot og sel:

Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,  
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

telefon 400 37 151

#### Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00

Frå 30. juni til 9. august er butikken open:

måndag-fredag 12.00-16.00, laurdag 11.00-15.00

#### Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".

Vi har slutta med møblar.

Telefon 922 09 638

#### Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 10.00-15.00



## PILEGRIMSVANDRING

**SØNDAG 15. JUNI 2025**

langs første etappe av kystpilegrimsleia til Trondheim

Egersund kirke til Ognå kyrkje



#### VIKTIGE TIDSPUNKTER

Ankomst tog Egersund 10.05

Utsendelse fra Egersund kirke 10.30 - 10.45

Avgang Eie 11.05

Ankomst Maurholen stasjon 12.45, avgang 13.15

Hellvik Stasjon 13.50

Ankomst Hellvik bedehus 14.00 (45 min matpause m/gudstjeneste)

Ankomst Vestlandske Hovedvei 15.55

Ankomst Ognå kyrkje 17.30

Kveldssamling/gudstjeneste Ognå kyrkje 17.45 - slutt senest 18.20

Tog til Stavanger 18.32

Tog til Egersund 18.50



## DEN NORSKE KIRKE

Arrangør Egersund menighet og Jæren prosti

langsomhet - frihet - enkelhet - bekymringsløshet - stillhet - deling/felleskap - åndelighet

## Sareptas krukke

Uttrykket «Sareptas krukke» handlar oftast om ressursar. Me møter det i både positiv og negativ bruk. Desse ressursane kan vera utan grenser eller svært avgrensa.

TEKST IVAR JOHANNESSEN

Me kan for eksempel seia om kommuneøkonomien at han ikkje er ei Sareptas krukke, altså at ein må prioritera og ikkje kan seia ja til alle gode tiltak. Eller når det er skipa til fest, og maten står klar. Så kjem det mange fleire enn venta, og likevel strekk maten til. Då kan me seia at maten vart velsigna, det blei nesten som ei Sareptas krukke.

Soga om krukka i Sarepta startar med ein konge i Bibelen (Det gamle Testamentet), som vende seg bort frå Gud. Landet var delt i to, Juda og Israel. Kongen i

Israel vende seg til andre gudar, og gjorde i det heile mykje gale. Gud vart rasande over det kongen gjorde. Han ville straffa landet og få folket til å venda om. Difor sende han profeten Elia til kongen med bodskap om at det ikkje skulle koma korkje dogg eller regn. Profeten sjølv drog ut av byen og slo seg ned ved ein bekk. Gud sørga for han med mat.

Så gjekk bekkens tørr, og Gud bad Elia reisa til byen Sarepta for å slå seg til der. Det var stor naud i byen, folket svalt. Utanfor

byporten treffe Elia ei enke som sankt ved. Ho skulle laga eit siste måltid for seg og guten sin av det vesle ho hadde igjen, og så leggja seg ned for å dø. Elia bad henne bruka det siste mjølet og den siste matolja til å laga brød og koma til han med det. Samstundes lova han enka at korkje mjølkrukka eller oljekrukka skulle gå tom. Enka gjorde som profeten sa. Krukkene hennar gjekk ikkje tomme så lenge svoltkatastrofen vara, og ho og hennar familie hadde det dei trong av mat. Du kan lesa om dette i 1. Kongebok, kapittel 17.

## Kveldsgudsteneste-serie

TEKST: STEIN ØDEGÅRD

### Pilegrim mellom tradisjon og trendar

Pilegrimsvandring er ein mange hundre år gammal religiøs tradisjon. Oppbrot, oppgjær, bot, tilgjeving og miskunn er målsettingar og verdiar som har følgt pilegrimane sin praksis gjennom alle år. I vår tid, er det både fokus på å finna igjen dei gamle pilegrimsvegane og å finna ny meining som kan møta behov og lengsler hos moderne menneske. I kveldsgudstenestene hausten 2025, ønskjer me å informera, inspirera og utfordra til ny oppdaging av pilegrimsvandringa sine ressursar for oss som lever i dag.

Velkommen til kveldsgudstenester med føredrag, god musikk, nattverd og bønnevandring.



### Her er programmet hausten 2025 i Brynekyrkja:

#### 24. august

Å ta opp ein tradisjon  
Pilegrimspraksis i Rogaland.  
Føredrag av Wenche Lindtner, leiar av nasjonalt pilegrimssenter på Avaldsnes  
Musikk: Pilegrimskvartetten

#### 12. oktober

Å ta i veg  
Pilegrimar si erfaring i møte med folk og ferdsevegvar.

Føredrag av Kirsten Jæger Fjetland  
Musikk: Jærklang

#### 23. november:

Å utforska mysteriet  
Pilegrimsvandring som eksistensiell reise.  
Føredrag av Einar Vegge, kystpilegrimsprest frå Stavanger til Nidaros  
Musikk: Mari Ask Helland



### KVELDSGUDSTENESTER

Bryne kyrkje | Hausten 2025

Alle gudstenester startar kl. 19

## Pilegrim

mellom tradisjon og trendar

### Sundag 24. august

#### Å ta opp ein tradisjon

Føredrag av Wenche Lindtner, leiar, nasjonalt pilegrimssenter på Avaldsnes  
Musikk: Pilegrimskvartetten

### Sundag 12. oktober

#### Å ta i veg

Føredrag av Kirsten Jæger Fjetland  
Musikk: Jærklang

### Sundag 23. november

#### Å utforska mysteriet

Føredrag av Einar Vegge, kystpilegrimsprest frå Stavanger til Nidaros  
Musikk: Mari Ask Helland



Velkommen til kveldsgudstenester med føredrag, god musikk, nattverd og bønnevandring

## Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: TONE VOLD OG RAGNHILD HANSEN

### BABYSONG 0-1 ÅR

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbud om babysong for barn 0-1 år. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær. Etter songsamlinga et me lunsj i saman. Me startar opp nye grupper etter sommaren. Alle som er døypte i år får invitasjon i posten, men alle er velkomne til å melda seg på uavhengig av om ein har fått brev eller ikkje.

Me startar opp nye grupper i slutten av august/ starten av september. Me har samlingar annankvar onsdag kl. 10.30. Time og Bryne i partalsveker og på Undheim i oddetalsveker.

Påmelding på kyrkjene sine heimesider.



### SMÅBARNSTRALL 1-3 ÅR

Småbarnstrall er eit song- og musikktilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa born i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss, cirka 1 gong i månaden, vekedag kan variera. Etter samlinga vert det servert kveldsmat til store og små.

Første samling etter sommaren vert 25. september. Påmelding på kyrkjene sine heimesider.



### UNDRETUR 2 ÅR

Det året barnet vert 2 år får dei ein invitasjon til å koma på «Undretur i kyrkja». Me har ei lita song-samling, tenner lys og går på ein undretur rundt i kyrkja. Så får me læra om korleis kyrkjeorgelet lager den fine musikken som blir spelt. Alle får med seg kvar sin «songpose» heim. I posen ligg songkort med QR-kode til musikk og film av kvar song. Desse er eigenproduserte av oss kyrkjelydspedagoger, og me gler oss masse til å få dela dei ut til alle toåringane som kjem. Invitasjonar kjem. Påmelding på kyrkja sine heimesider.



### KOR KICKOFF

Torsdag 4. september kl. 17:00 har me eit felles Kor-Kickoff for alle barnekora våre i Bryne kyrkje. Då kjem Jarle Waldemar og har ei kjekk samling saman med oss.

5-åringane får eigne invitasjonar i posten til dette arrangementet, men alle barn i alle aldrar er velkomne! Ta med vener og heile familien og kom! Arrangementet er gratis. Følg med på heimesider, Instagram og Facebook så de får meldt dykk på.

### KRØLLEKVELD

Me arrangerer «Krøllekveld» for treåringane i kyrkjene våre. Då er me samla ein liten time i kyrkja, der me har ei kjekk samling med song og forteljing. Me høyrer om sauene som forsvann og om den gode hyrde som leitar etter sauene sin, og borna får sjølv lov til å vere hyrdar som er på leit etter sauene. Alle får med seg heim ei bok som heiter «Kvar er Krølle?». Me oppmodar særleg fadRAR til å vere med på denne samlinga. Velkommen til ei koseleg stund i kyrkja! Meld deg på i den kyrka, og det tidspunktet som passer best for deg.

#### Datoar:

Undheim kyrkje 1. september  
Time kyrkje 2. september  
Bryne kyrkje 3. september  
Invitasjonar vert sende ut.  
Påmelding på kyrkja sine heimesider.



### TWEENS KICK-OFF 28. AUGUST KL 17.30 I BRYNE KYRKJE

Me vil invitera alle tweens til å koma på eit skikkeleg kick-off i Bryne kyrkje. Arrangementet er felles for alle frå Bryne, Time og Undheim. Alder er frå 4. klasse og oppover. Me får besøk av Sigbjørn Pedersen, og kalla Zigmania. Han jobbar i sundagsskulen og elsker alt som eksploderer og flyr opp i lufta. Så dette kan bli ein skikkeleg spennande kveld, med sprell og moro. TT-koret skal syngje for oss, og så skal me få presentert det tweens kan bli med på i kyrkjene våre. Til slutt blir det pizzafest! Kjenner du andre tweens som du vil ta med deg denne kvelden, er det berre å melde seg på å bli med. Arrangementet er gratis, men me ønsker at alle melder seg på slik at me får kjøpt inn nok pizza til alle.

5. klassingar får invitasjon i posten, men alle andre frå 4. klasse og oppover kan også melda seg på! Følg med på kyrkjene sine nettsider.



### Hovudmål for kyrkjelig undervisning og læring

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus - frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.  
Me deler kristne tradisjonar og verdjar.  
Me deler opplevingar og fellesskap.  
Me deler håp og kjærleik.



Her er ei oversikt over årshjulet til trusopplæringa i kyrkjene våre. Dette vert borna inviterte til:

|        |   |
|--------|---|
| 0 år   | Dåp og dåpssamtale  |
| 0-1 år | Babysong  |
| 1 år   | Småbarnstrall, felles i Time kyrkje                             |
| 2 år   | Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av «songposen min» |
| 3 år   | Krøllekveld   |
| 4 år   | 4 års klubb og utdeling av Barnebibel                           |
| 5 år   | Kor kick-off. Felles i Bryne kyrkje                             |
| 5 år   | Adventsklubb  |

Barnefamiljar

Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje

1. klasse - Det store påskemysteriet
2. klasse - Superheltsamling
2. klasse - Plan B – aktivitetsdag, felles i Undheim kyrkje
3. klasse - Tårnagenthelg
4. klasse - På sporet av Jesus
5. klasse - Tweens-Kick-off
6. klasse - Lys vaken i lag, felles i Bryne kyrkje
- 9-13 år 9:13 i Bryne kyrkje
9. klasse - Konfirmasjon

Me ønskjer ungdommane velkomne til ungdomsarbeidet vårt: UKUF på Undheim, Varden på Lye og UF i Brynekyrkja. Les meir om ungdomsarbeidet på nettsidene våre.



# SOMMARKVELD MED JÆRKLING

Tradisjonen tru vil Jærklang òg i år invitera til sommarkveld i Brynekyrkja i juni.

TEKST ARNFINN VIGRESTAD

**D**ette året legg me opp til ein konsertkveld i lag med Hjelmeland kyrkjekor. Jærklang har ved fleire høve samarbeidd med koret frå Hjelmeland, og var seinast i september gjester hos Hjelmelandskoret der me hadde konsert og godt felleskap! Hjelmeland kyrkjekor vart stifta i 1998 og har medlemmer frå mange deler av kommunen.



Besøk av Hjelmeland kyrkjekor.

Velkommen til Brynekyrkja den 14. juni klokka 19!

I dag har koret 22 medlemmer i alderen 20-82 år (dei fleste har rett nok passert 60), og korleiar har i alle år vore kantor Anne-Berit Bjelland. I hovudsak opptre koret på gudstenester og kyrkjelege arrangement, men i blant også på andre arenaer.

Medlemmene i koret ser fram til å ta turen til Bryne og gler seg til å halde konsert saman med Jærklang. Me legg opp til ein kveld med mykje korsong, men òg allsong og musikk. I tillegg får me besøk frå organisasjonen KPK- Ukraina.

I tillegg set me av god tid til matøkt og godt drøs denne kvelden!

## DINE ÅRER

Kåre Hetland jr. , 18.12.2023, revidert 13.02.2025

|  |  |  |   |
|--|--|--|---|
| Dine årer er trukket inn<br>Du skal få slippe å ro<br>Ikke tenk hvor du skal<br>Du beholdt din tro | Ferden går mot land<br>Til den tryggeste havn<br>For Han styrer båten<br>Som bærer ditt navn | Han som før var los<br>Har overtatt kontrollen<br>Endelig ser du klart<br>At Han har hovedrollen | Han som gav deg livet<br>Sitter og styrer båten<br>Endelig får du svaret<br>På den underfulle gåten |
|--|--|--|---|

Bryne kyrkje laurdag 14. juni kl. 1900

# SOMMARKVELD

med JÆRKLING  
og  
Hjelmeland kyrkjekor

Siste nytt frå KPK-Ukraina  
m/kollekt

Korsong, allsong og musikk

Matøkt

**VELKOMMEN  
FRÅ BYGD OG BY!**

## Open-kyrkje-kafé

Stad og tidspunkt: Kyrkjestova i Bryne kyrkje kl. 18-20.  
Alltid første måndag i månaden:

Datoar:  
1. september  
6. oktober  
(i juli tek me sommarferie).

Me opnar opp kyrkjestova i kjellaren i Brynekyrkja til Open-kyrkjekafé. Med dette inviterer me til ein triveleg møteplass der ein kan få seg ein kopp kaffi og noko enkelt å eta. Kom gjerne inno m dersom du synest dette høyrst gildt ut, og ta gjerne med deg fleire. Kanskje treff du nokon nye folk?

Arrangør: Diakoniutvalet i Brynekyrkja  
(Open kyrkjekafe er i kjellaren samtidig med at det er Open kyrkje i kyrkjesalen, for dei som ønskjer å få med seg begge delar.)



## Velkommen til OPEN KYRKJE

Alltid første måndag i månaden kl. 18:00-20:00

Dei neste datoane er:  
1. september og 6. oktober  
(i juli og august tek me sommarferie).

Stad: Kyrkjesalen i Bryne kyrkje. Brynekyrkja vil gje rom for bøn, ro og ettertanke. Kyrkjesalen er open. Det kan vera godt å koma saman i kyrkja. Kvar gong vert det gjennomført ein enkel liturgi kl. 19:00. (Open kyrkje i kyrkjesalen er samtidig med at det er Open-kyrkjekafé i kjellaren, for dei som ønskjer å få med seg begge delar.)

## Misjonssamling i kjellarstova i Bryne kyrkje

Onsdag 17. september kl 19.00

Fersk informasjon om Bryne kyrkje-lyd sitt misjonsprosjekt i Immanuelkyrkja i Tel Aviv, ved Arne Berge i direkte digital kontakt med Siv Anita og Eyvind Volle. Dei er utsendingar for Den Norske Israelmisjon i det mangfaldige arbeidet og fellesskapet i Immanuelkyrkja.

God tid til samtale og spørsmål. Kaffi og noko å bita i.

Arr: Misjonsutvalet

# PILEGRIMSDAG 16.AUGUST

«Et uoverskuelig pilegrimstog...»



## PROGRAM

- 13.45 Munkehagen park (ved Breidablikk/Eiganesveien)  
Oppmøte.  
Pilegrimsvandring for alle til Domkirken.  
Aktiviteter underveis.
- 15.00 Vågen: Vi tar imot båten med pilegrimer.
- 15.30 Kongsgård skolegård: Mat og aktiviteter for store og små.
- 16.30 Avduking av milestein.
- 17.00 Domkirken: Pilegrimsgudstjeneste for alle.

Lurt å ta med:  
Pøiser e.l. til grillen, niste, egen kaffekopp og sitteunderlag.  
Vandrerstav, hatt eller caps,  
sekk til drikke, penn og pose til aktiviteter.  
Salg av is og vafler.



900 ÅR  
STAVANGER  
2025



PILEGRIMSLLEDEN  
ST. OLAVSVEGENE TIL TRONDHEIM



DEN NORSKE KIRKE  
Stavanger bispedømme

UTSTEIN  
PILEGRIMSGÅRD

## Velkommen til Torsdagstreff

Triveleg samvær i kyrkja for målgruppa +/- 60. Bryne kyrkje kl. 14:30-16:30.

### Datoar for hausten 2025:

**18. september**  
Geir Magne Sande, kåseri om utvandringa til Amerika  
Matsrering, songstund og andakt

**16. oktober**  
Ole Lilleheim, fortel om «Åpne dører»  
Matsrering, songstund og andakt

**20. november**  
Reidun Mattingsdal Alvsåker  
«Mitt liv i Frelsesarméen»  
Matsrering, songstund og andakt



Me ønskjer å invitere deg til:  
Tacofredag i Bryne kyrkje.  
Fredag 19. september  
kl. 17-19

- Taco for heile familien.
- Samling og aktivitetar for barna.
- Kaffipause og drøps for dei vaksne.
- Tilrettelagt for barnefamiljar, men alle er velkomne.
- Veldig kjekt om akkurat DU kjem!

Hugs påmelding på:  
[www.brynekyrkja.no](http://www.brynekyrkja.no)  
Eller bruk QR-koden:



## Sundagstreff hausten 2025 i Bryne kyrkje

**Sundag 24. august**  
Vanleg Sundagstreff, kl. 18:00

**Tysdag 23. september**  
Hausttakkefest i St. Petri kirke, kl.18:00  
Vi arrangerer felles avreise. Det er påmelding på dette.

**Sundag 19. oktober** • Vanleg Sundagstreff, kl. 18:00

**Sundag 16. november** • Gudsteneste med Bankers, kl. 11:00

**Sundag 14. desember** • Vanleg Sundagstreff, kl. 18:00

NB! Er du nysgjerrig og vil vita meir?  
Ta kontakt med diakon i Time: Maria Praxedes Slettebø  
mobil: 980 28 690

## Innvandrartreff Hausten 2025

Bryne kyrkje kl 19:30 – 21:00

26. august  
2., 9., 16., og 23., 30. september  
7., 14., 21., og 28. oktober  
4., 11., 18., og 25. november  
2. og 9. desember

NB! Er du nysgjerrig og vil vita meir?  
Ta kontakt med diakon i Time:  
Maria Praxedes Slettebø  
mobil: 980 28 690

## Om Bibelkveldane i Bryne kyrkje hausten 2025

**Temaet for bibelkveldane hausten 2025 er: «I opphavet...» – Å lesa Første Mosebok i dag**

«Det skal bli lys!» Slik står det på første sida i Bibelen. Og dermed er me i gang med Første Mosebok, eller Opphavsboka, som ho også er kalla. Boka har høg kvalitet som litteratur, samtidig er ho ein grunnleggjande tekst i både jødisk og kristen tru. Her startar Bibelen si store forteljing om skaping og nyskaping, ei forteljing om Gud, naturen, samfunnet og mennesket. Komiteen har planlagt tre bibelkveldar som skal gi innsikt og aktualisere temaet:



### Program

**14. okt. kl. 19.00**

Urhistoria. Kap. 1 – 11

Knut Holter, Professor i teologi v/ NLA høgskolen

**28. okt. Kl. 19.00**

Fedrehistoria. Kap. 12 - 50

Eva Vassbø, sokneprest i Riska kyrkje

**11. nov. kl. 19.00**

Samtidstolking av Første Mosebok

Hans Johan Sagrusten, teolog, forfatar, bibelbrukskonsulent og bibelomsetjar

## KONFIRMAN\*

### Nå er det 2011-kullet sin tur!

Velkommen til konfirmasjonstid i Bryne, Time og Undheim kyrkjer. Dei framtidige konfirmantene har mykje å glede seg til. Påmeldinga startar snart.

I konfirmasjonstida får unge lære mykje spennande om seg sjølv, om tru, om Gud og den verda dei er ein del av. Dei kan også glede seg til å bli ein del av eit fellesskap. Høgdepunktet for konfirmasjonstida er konfirmasjonsdagen – ein skikkelig festdag.

Konfirmasjonsdatoar i 2026: Bryne kyrkje: 25.04, 26.04, 09.05. Time kyrkje: 14.05. Undheim kyrkje: 03.05.

Påmelding: Gå inn på [www.timekyrkjene.no](http://www.timekyrkjene.no) og fyll ut skjema under fana "Konfirmant 2026". Påmeldinga opnar 19.05 kl. 12.00, påmeldingsfrist er 23.06.

Finn meir informasjon på [www.timekyrkjene.no](http://www.timekyrkjene.no) [www.kirken.no/konfirmasjon](http://www.kirken.no/konfirmasjon)

 **DEN NORSKE KYRKJA**  
Bryne, Time og Undheim kyrkjelydar



Kulturkveld i Time kyrkje 28. september:

## Salmar og lokal kyrkjarahistorie

**I samband med 900-årsjubileet for Stavanger bispedømme har sokneråd og historielag her i Time samarbeidd om idear og program. Nå kan me ønskja velkommen til kultur- og salmekveld i Time kyrkje søndag 28. september kl.19.**

Salme- og musikkstoffet vil Oddny Underhaug stå for, saman med songgruppa Shalom, trompetist Ragnhild Kvitvær og Anne Kristine Røthing på munnspele.


Kvelden ønskjer å setja lys på delar av den eldste kyrkjarahistoria i Time. Me vil visa filmen Prestavegen vestover som Leiv Tafjord har laga for Time historielag i 2024. Filmen presenterer på ein fin måte fornminne på Lye gamle prestegard og den gamle ferdselsvegen frå prestegarden til Time kyrkje. Han opnar også for tanken på om det har vore kyrkje på Lye før den første kyrkja blei bygd på Time.

Etter inntrykk og undring frå denne eldste delen av kyrkjarahistoria, vil Arne Berge fortelja om det eldste i Time kyrkje, om altartavla i kyrkja.

I tillegg til film, føredrag, allsong og salmar, vil det også verta kaffi og drøs på kyrkjetorget i etterkant av programmet.

I samband med denne kulturhistoriske salmekvelden, vil også Time historielag arrangera ei vandring i terrenget som er vist i filmen.

Samarbeidskomiteén v/ Stein Ødegård -



900 ÅR

**STAVANGER  
2025**



**Fredagskveld på Kyrkjetorget  
Time kyrkje**

**29.august kl. 19.30**

Kveldens gjest:  
**Karen Time**

Fredagskveldane på Kyrkjetorget er samlingar med tid til drøs, uformelt program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat kvar som me set på fellesbordet. Komiteén ordnar kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomiteén





**Dåp**

## Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på [time-kyrkja.no](http://time-kyrkja.no).

 **DEN NORSKE KYRKJA**  
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim


## Velkommen til Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatne. Gruppene er livssynsopne.

**Grupper for vaksne**  
Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne: [mh336@kirken.no](mailto:mh336@kirken.no)  
Diakon i Time og Undheim: [ps453@kirken.no](mailto:ps453@kirken.no)  
eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

**Barnegruppe**  
Det finst òg gruppe for born mellom 4. – 7. klasse. Desse gruppene er spesielt tilrettelagde for born. For meir informasjon om desse gruppene, ta kontakt med diakon i Bryne på tlf. 911 63 039 eller [mh336@kirken.no](mailto:mh336@kirken.no)



**DØYPTE**

**BRYNE KYRKJE**


09.02.25 Maja Reve  
Maxime Mauland Mjølhus

**TIME KYRKJE**

25.01.25 Hanna Thu Helland  
Oskar Teie Røthe  
Ole Teie Røthe  
Bastian Borsheim

**UNDHEIM KYRKJE**

02.02.25 Sverre Flatebø  
16.02.25 Mateo Haugvaldstad  
Marius Askø Aarrestad  
Karina Taksdal  
Hennie Byrknes Haver



**VIGDE**

**TIME KYRKJE**

14.02.24 Sunniva Braut Barane  
og Preben Sletten  
Randi Hadland  
og Trond Egil Aasen Bøe  
Kirsti Marie Skårland Hegre  
og Jonas Nordhus Rindarøy



**GRAVLAGDE**

**Januar**

Audun Magne Haugland  
Mary Hommeland  
Aud Høyland  
Aslaug Undheim  
Hallgeir Herikstad  
Ole Marius Löchen  
Egil Bjarne Bjerkevoll  
Torkel Gausland  
Ingve Løge

**Februar**

Ingrid Helleve  
Svanaug Eide  
Marit Særheim Faugstad  
Sonja Lie



**3. GENERASJON BEDEMANN**  
Arild Aase

*Aase*  
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

**24 TIMERS VAKTTELEFON**

|  |   |   |
|--|---|---|
|  <p><b>EiendomsMegler 1</b><br/>JÆRMEGLEREN<br/>Gro Anita Nøkland m: 900 14 328<br/>Kyrre Otto m: 954 85 419<br/>Kristine Ree Espedal m: 480 64 634</p> |  <p><b>Jæren Gulv AS</b><br/>Maler- og gulvarbeid<br/>www.jaerengulv.com</p>   |  <p><b>REMA 1000</b><br/>Håland</p>  |
|  <p><b>EL-TEAM</b><br/>Elektroentreprenør<br/>Morenefare 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40<br/>E-post: firmapost@el-team.net<br/>www.el-team.net</p>          |  <p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS<br/><b>ek Glassmesterforretning</b><br/>Einar Knutsen as<br/>Postboks 149, 4340 Bryne<br/>TLF. 51 48 02 11<br/>DØGNSERVICE 971 78 180</p> |  <p><b>Byggelaget</b></p>   |
|  <p><b>TIME ELEKTRO AS</b><br/>når resultatet er viktig</p>   |  <p><b>DEN NORSKE KYRKJA</b></p>   |  <p><b>Bogh Lafoe</b><br/>BILSALG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT</p>                       |
|  <p><b>PRIVATMEGLEREN</b><br/>Torggata 2, 4340 Bryne<br/>Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no</p>  |  <p><b>Renovasjons-service as</b><br/>Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44</p>   |  <p><b>haver_</b><br/>Haver Advokatfirma AS<br/>Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne<br/>telefon 51 77 00 50</p> |
|  <p><b>Bryne Rør</b></p>  |  <p><b>SpareBank</b><br/>SR-BANK</p>   |   |
|  <p><b>OPTIKK&amp;SYN</b><br/>Jubileum 2014-2024<br/>Storgata 40 Bryne - Tel: 51 48 80 04</p>   |  <p><b>Alt innen datahjelp</b><br/>-hjem på døren til private &amp; bedrift<br/>Tlf 51485000<br/>www.datahjelpen.it</p>  |  <p><b>WACO</b><br/>Forsikringsmegling as</p>   |
|  |  <p><b>Din annonse her?</b><br/><b>DEN NORSKE KYRKJA</b></p>   |   |


**VI TRENG FRIVILLIGE.**

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir mening.





Skyss til gudstenesta  
Bryne kyrkje:  
Jonas Frøyland  
mob.nr. 41300468  
Ring før kl 10.00

| Søndag 1. juni            | Søndag før pinse                          | Joh 16,12-15                                     |
|---------------------------|---|--|
| Time kyrkje 11:00         | Gudsteneste                               | Dåp, gullkonfirmantar                            |
| Brekko sportskapell 11:00 | Gudsteneste                               | Dåp, nattverd                                    |
| Søndag 8. juni            | Pinsedag                                  | Joh 14,23-29                                     |
| Time kyrkje 11:00         | Høgtidsgudsteneste                        | Dåp, søndagsskule                                |
| Bryne kyrkje 11:00        | Høgtidsgudsteneste, Bispedømmet 900 år    | Nattverd, søndagsskule                           |
| Mandag 9. juni            | 2. pinsedag                               | Joh 7,37-39                                      |
| Undheim kyrkje 10:30      | Gudsteneste                               | Dåp  |
| Bryne kyrkje 11:00        | Friluftsgudsteneste                       | Krosshaug, økumenisk friluftsgudsteneste         |
| Søndag 15. juni           | Treiningssøndag                           | Luk 24,45-48                                     |
| Time kyrkje 11:00         | Gudsteneste                               | Nattverd   |
| Bryne kyrkje 11:00        | Familiefokus                              | Nattverd, TT-kor                                 |
| Søndag 22. juni           | 2. søndag i treeiningstida                | Joh 3,1-13                                       |
| Lye forsamlingshus 10:30  | Gudsteneste                               | Ope for dåp                                      |
| Bryne kyrkje 10:30        | Gudsteneste                               | Dåp, nattverd, søndagsskule                      |
| Søndag 29. juni           | 3. søndag i treeiningstida                | Mark 10,13-16                                    |
| Time kyrkje 10:30         | Gudsteneste                               | Dåp  |
| Søndag 6. juli            | 4. søndag i treeiningstida                | Matt 9,35-38                                     |
| Bryne kyrkje 10:30        | Gudsteneste                               | Dåp, nattverd                                    |
| Søndag 13. juli           | 5. søndag i treeiningstida                | Matt 18,12-18                                    |
| Undheim kyrkje 10:30      | Gudsteneste                               |  |
| Søndag 20. juli           | Aposteldagen / 6. søndag i treeiningstida | Mark 3,13-19                                     |
| Bryne kyrkje 10:30        | Gudsteneste                               | Dåp, nattverd                                    |
| Søndag 27. juli           | 7. søndag i treeiningstida                | Mark 5,25-34                                     |
| Time kyrkje 10:30         | Gudsteneste                               | Dåp, nattverd                                    |
| Søndag 3. august          | 8. søndag i treeiningstida                | Mark 12,28-34                                    |
| Bryne kyrkje 10:30        | Gudsteneste                               | Dåp, nattverd                                    |
| Søndag 10. august         | 9. søndag i treeiningstida                | Luk 6,36-42                                      |
| Time kyrkje 10:30         | Gudsteneste                               | Dåp  |
| Søndag 17. august         | 10. søndag i treeiningstida               | Mark 11,25-26                                    |
| Undheim kyrkje 10:30      | Gudsteneste                               | Dåp, nattverd                                    |
| Lye forsamlingshus 10:30  | Gudsteneste                               | Ope for dåp                                      |
| Bryne kyrkje 11:00        | Gudsteneste                               | Dåp, nattverd, søndagsskule                      |
| Søndag 24. august         | 11. søndag i treeiningstida               | Joh 8,31-36                                      |
| Time kyrkje 11:00         | Gudsteneste                               | Nattverd   |
| Bryne kyrkje 11:00        | Familiefokus                              | Nattverd   |
| Bryne kyrkje 19:00        | Kveldsgudsteneste                         | Tema: Å ta opp ein pilegrims-tradisjon, nattverd |
| Søndag 31. august         | 12. søndag i treeiningstida               | Joh 4,27-30.39-43                                |
| Undheim kyrkje 10:30      | Gudsteneste                               | Kick-off, konfirmant-presentasjon, nattverd      |
| Lye forsamlingshus 10:30  | Gudsteneste                               | Ope for dåp                                      |
| Bryne kyrkje 11:00        | Gudsteneste                               | Nattverd, søndagsskule                           |

# Velkommen til kyrkje

Følg med på [www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no) eller i jærbladet for oppdatert informasjon.



## Velkommen til gudsteneste



Skyss til gudstenesta  
Bryne kyrkje:  
Jonas Frøyland  
mob.nr. 41300468  
Ring før kl 10.00

|                             |       |   |   |
|-----------------------------|-------|---|---|
| <b>Søndag 7. september</b>  |       | <b>13. søndag i treeiningstida</b>                  | <b>Joh 15,13-17</b>                       |
| Time kyrkje                 | 11:00 | Gudsteneste   | Konfirmantpresentasjon, dåp               |
| Bryne kyrkje                | 11:00 | Gudsteneste   | Konfirmantpresentasjon, dåp, søndagsskule |
| <b>Søndag 14. september</b> |       | <b>Vingardssøndag / 14. søndag i treeiningstida</b> | <b>Matt 19,27-30</b>                      |
| Undheim kyrkje              | 10:30 | Gudsteneste   | Dåp, nattverd                             |
| Lye forsamlingshus          | 10:30 | Gudsteneste   | Ope for dåp                               |
| Bryne kyrkje                | 11:00 | Gudsteneste   | Konfirmantpresentasjon, søndagsskule      |
| <b>Lørdag 20. september</b> |       | <b>Matt 19,27-30</b>                                |   |
| Time kyrkje                 | 12:00 | Dåpsgudsteneste                                     | Dåp                                       |
| <b>Søndag 21. september</b> |       | <b>15. søndag i treeiningstida</b>                  | <b>Joh 15,9-12</b>                        |
| Time kyrkje                 | 11:00 | Gudsteneste   | Nattverd                                  |
| Bryne kyrkje                | 11:00 | Familiefokus  | Nattverd                                  |
| <b>Søndag 28. september</b> |       | <b>16. søndag i treeiningstida</b>                  | <b>Matt 11,16-19</b>                      |
| Undheim kyrkje              | 10:30 | Gudsteneste   | Nattverd                                  |
| Lunden leirstad             | 10:30 | Gudsteneste   |   |
| Bryne kyrkje                | 11:00 | Gudsteneste for store og små                        | Dåp, hausttakkefest, misjonstivoli        |
| <b>Søndag 5. oktober</b>    |       | <b>17. søndag i treeiningstida</b>                  | <b>Mark 5,35-43</b>                       |
| Time kyrkje                 | 11:00 | Gudsteneste   | Dåp                                       |
| Bryne kyrkje                | 11:00 | Gudsteneste   | Dåp, nattverd, søndagsskule               |
| <b>Søndag 12. oktober</b>   |       | <b>18. søndag i treeiningstida</b>                  | <b>Mark 1,40-45</b>                       |
| Undheim kyrkje              | 10:30 | Gudsteneste   | Dåp                                       |
| Lye forsamlingshus          | 10:30 | Gudsteneste   | Ope for dåp                               |
| Bryne kyrkje                | 19:00 | Kveldsgudsteneste                                   | Nattverd, tema: Å ta i veg                |

Det er gudsteneste i ei av kyrkjene våre kl 10.30  
frå 29. juni til 10. august.

